

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 04.06.2024
SAKSHANDSAMAR: Inger Elin Skorpen, Terje Arne Krokvik og Synnøve Odden Teigelid
SAKA GJELD: Økonomisk langtidsplan 2025-2029

ARKIVSAK: 2024/59
STYRESAK: 064/24

STYREMØTE: 19.06.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtar Økonomisk langtidsplan for 2025-2029.
2. Resultatkravet for perioden 2025-2029 blir fastsett som følger:

Resultat pr. foretak	Økonomisk langtidsplan					
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Helse Stavanger	66 000	159 000	-369 000	-306 000	-247 000	-233 000
Helse Fonna	0	10 000	25 000	-35 000	0	0
Helse Bergen	10 000	50 000	50 000	50 000	10 000	10 000
Helse Førde	-2 000	-50 000	-45 000	-40 000	-35 000	-35 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
Helse Vest RHF	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000
Sum foretaksgruppa	434 000	529 000	21 000	29 000	88 000	102 000

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om resultat i balanse.

3. Helseforetakene må i planperioden drive verksemda i tråd med årlege budsjetterrammer og nasjonale og regionale føringar.
4. Helseforetakene må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i økonomisk langtidsplan. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.

5. Eventuelle overskridingar eller prisendringar i byggjeprojekta må handterast innafor det tilgjengelege finansieringsgrunnlaget til det enkelte helseføretak. Dette inneber at det kan vere aktuelt å ta ned investeringsomfanget eller utsette delar av investeringane.
6. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte projekta eller tilhøyrande lån.
7. Rullering av ny økonomisk langtidsplan blir gjort våren 2025 med sikte på å behandle denne for føretaksgruppa før sommaren 2025.

Oppsummering

Som ein del av årets budsjettprosess blir økonomisk langtidsplan (ØLP) behandla av styret i Helse Vest. Alle helseføretaka har behandla sine saker om økonomisk langtidsplan i sine respektive styre før denne saka blir behandla i Helse Vest styret.

Administrerande direktør vil understreke at det er betydeleg uvisse og risiko relatert til rulleringa av denne økonomiske langtidsplanen, som følgje av stramme økonomiske rammer parallelt med at føretaksgruppa er i ein gjennomføringsfase på store byggeprosjekt. Den økonomiske ramma for 2024 var i utgangspunktet stram. Tildelingar som er gitt i revidert nasjonalbudsjett vil betre situasjonen og redusere risikoen for manglande resultatoppnåing i 2024 noko.

Dei ekstra midlane som ligg i revidert nasjonalbudsjett er ikkje innarbeidd i ØLP. Den samla vurderinga er at føretaka med desse midlane vil vere betre i stand til å nå dei resultatmåla som er sett. Det er fortsett behov for at helseføretaka jobbar vidare med å tilpassa drifta til dei gjeldande økonomiske rammene.

Ein kan sjå at aktiviteten aukar, men kostnadene til varekostnader/medisinar er høgare enn planlagt så langt i 2024 og at veksten samanlikna mot 2023 er betydeleg. Det same gjeld løn- og personalkostnader, grunna høgt sjukefråvær og ubesette stillingar med høg innleige og overtid som konsekvens. Ein ser også at utfordringa med å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene vil auke dei kommande åra som følgje av høgare rentebelastning og høgare avskrivningar grunna investeringar. Manglande resultatoppnåing i 2024 vil kunne gje ytterlegare utfordring.

Føretaksgruppa er inne i ein fase med høgt investeringsnivå og denne fasen vil vare fram til 2026 når dei store byggeprosjekta er planlagt å vere ferdige. Samtidig er det behov for ytterlegare investeringar kor mellom anna første fase av byggetrinn 2 Nye SUS er planlagt starta opp i 2028. I tillegg er det behov for vidareutvikling av Haukelandsområdet kor det i Helse Bergen sin ØLP er lagt inn eit større investeringsprogram som består av fleire delprosjekt.

Helse Vest behandla i styremøte 10. januar sak 002/24 Konseptrapport Årstadhuset som er ein del av utviklingsplanen for Haukelandsområdet og sak 003/24 Konseptrapport første fase av byggetrinn 2 Nye SUS. Helse Vest har søkt om lån frå staten til begge desse prosjekta. Det vil bli tatt endeleg stilling til vidareføring av desse prosjekta i samband med behandling av forprosjekta.

Helseføretaka har lagt inn føresetnader om at det blir gitt interne lån frå Helse Vest til å finansiere deler av byggjeprojekta. Desse interne låna er innarbeidd i Helse Vest RHF sitt finansieringsgrunnlag for å få eit bilete av kva som er handterbart innanfor den likviditet som er tilgjengeleg. Tildeling av interne lån må sjåast opp mot den samla økonomien og bli vurdert opp mot behovet for å kunne handtere risiko.

Den samla vurderinga av ØLP er at føretaka fortsett har ei utfordring med å nå dei resultatkrava som er sett framover i tid, særleg med tanke på at ein skal handtere auka avskrivningar og rentekostnader som følgje av høge investeringar. Samtidig ser ein at planlagd

investeringsnivå mot slutten av perioden er sett på eit lågare nivå. Spørsmålet er derfor om føretaka har synleggjort i tilstrekkeleg grad det investeringsbehovet som vil vere gjeldande i slutten av perioden. Dette er eit forhold som må vurderast i den årlege rulleringa av ØLP. Gitt at føretaka klarer å levere eit resultat som er lagt til grunn i ØLP, vil likviditeten ut over i perioden vere aukande som følge av at investeringsnivået er lagt på eit lågare nivå. Den største utfordringa vil såleis vere om helseføretaka klarer å gjere nødvendige tilpassingar i forhold til dei økonomiske rammene slik at ein klarer å oppnå resultatnivået som ligg i ØLP.

Fakta

Føretaksgruppa Helse Vest har dei siste åra gjennomført investeringar på mellom 4-6 mrd. kroner årleg. Sjølv om føretaka no er i slutfasen på fleire store byggeprosjekt, er det fortsett definert eit behov for ytterlegare investeringar. Føretaka har bygd seg opp ei stor gjeld som gir auka rentekostnader og avskrivningar, som igjen krev effektivisering av drifta og utfordrar framtidig moglegheit før nødvendige investeringar.

Førre rullering av økonomisk langtidsplan blei behandla av styret i Helse Vest 14.06.2023, jf. sak 059/23 Økonomisk langtidsplan 2024-2028. Styret i Helse Vest behandla i møte 04.10.2023 sak 094/23 Investeringskraft og investeringsnivå i Helse Vest. I saka vart det gjort vurderingar i forhold til om den sterke veksten i behov for helsepersonell er ein konsekvens av at spesialisthelsetenesta investerer for lite. Vidare blei det i styremøte 24.04.24 behandla sak 047/24 Investeringar og økonomisk berekraft i økonomisk langtidsplan. Denne saka la fram ulike scenario for korleis manglande effektivisering og innslag av anna økonomisk risiko kan påverke utviklinga i økonomisk berekraft og moglegheita til å gjennomføre investeringar.

Det er desse tre styresakene, saman med økonomisk langtidsplan frå helseføretaka, som ligg til grunn for rullering av økonomisk langtidsplan (ØLP) for føretaksgruppa Helse Vest og som blir lagt fram i denne styresaka.

Styret har i etterkant av sak 059/23 godkjent konseptrapportane for Årstadhuset i Helse Bergen, jf. styresak 02/24 og første fase av byggetrinn 2, Nye SUS i Helse Stavanger, jf. styresak 03/24.

Helse Vest har i eige brev datert 17.01.2024 gitt helseføretaka føresetnader og føringar for utarbeiding av økonomisk langtidsplan 2025-2029. Dei økonomiske føresetnadane kan oppsummerast som følgjer:

- Alle tal i ØLP er utarbeidd i 2024-kroneverdi utan justering for pris og lønsvekst.
- Renteføresetnaden er basert på eit vekta gjennomsnitt mellom fastrenteavtalar, lån på flytande rente inklusive byggjelån under opptrekk og lån som har renteføresetnad i tråd med NIBOR1M. Frå 2030 er det nytta realrente.
- Vekst i aktivitet og økonomisk ramme er lagt på 1%, kor veksten er differensiert mellom føretaka, med 1,2% til Helse Stavanger som er høgast og 0,6% til Helse Førde som er lågast.
- Psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal fortsett vere eit prioritert område, særleg tilbod til barn og unge og sikkerheitspsykiatri.

For meir detaljert informasjon rundt føresetnader og føringar blir det vist til eige kapittel i vedlegget til denne saka.

Kommentarar

Resultatkrav

Helse Vest skal innrette si verksemd innanfor økonomiske rammer og krav frå staten, slik at sørge for- ansvaret vert oppfylt og det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid. Helseføretaka må som hovudregel handtere investeringsbehovet innanfor den likviditet ein klarer å skape gjennom drifta. Det er derfor heilt nødvendig at føretaksgruppa får store nok resultat slik at ein klarer å finansiere investeringane. For dei største investeringane kan Helse Vest søke om lån frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Føretaksgruppa Helse Vest har over mange år levert økonomiske resultat i størrelsen 7-800 mill. kroner. I åra 2022 og 2023 har resultatet vore betydeleg lågare og enda opp på 416,2 mill. kroner i 2022 og på 317,4 mill. kroner i 2023. Så langt i 2024 er resultatutviklinga fortsett krevjande, men revidert nasjonalbudsjett vil bidra til å auke moglegheita for å nå budsjettet på 434 mill. kroner. I revidert nasjonalbudsjett er det gjort framlegg om ei varig styrking i sjukehusøkonomien som for Helse Vest utgjør 220,5 mill. kroner. Av denne styrkinga må 35,7 mill. kroner bli nytta til å handtere underdekning på basistilskot for å dekke auka pensjonskostnader. Vidare er 13 mill. kroner sett av til private ideelle føretak. Helseføretaka får dermed tildelt 171,8 mill. kroner i varig styrking av basisramma.

Styret behandla i februar 2024 sak 011/24 Konsernbudsjett 2023 og gjorde vedtak om følgjande resultatkrav for 2024:

Resultatkrav 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav	66 000	0	10 000	-2 000	9 000	1 000	350 000	434 000

Helseføretaka har i samband med rullering av økonomisk langtidsplan gjort ei nærare vurdering av nødvendige omstillingstiltak for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene slik at dei kan nå resultatkravet. I tabellen under er det vist eit samandrag av resultatutviklinga som ligg til grunn i føretaka sin rullering av økonomisk langtidsplan fram til år 2029:


Resultat pr. foretak	Økonomisk langtidsplan					
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Helse Stavanger	66 000	159 000	-369 000	-306 000	-247 000	-233 000
Helse Fonna	0	10 000	25 000	-35 000	0	0
Helse Bergen	10 000	50 000	50 000	50 000	10 000	10 000
Helse Førde	-2 000	-50 000	-45 000	-40 000	-35 000	-35 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
Helse Vest RHF	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000
Sum føretaksgruppa	434 000	529 000	21 000	29 000	88 000	102 000

Samla resultat for føretaksgruppa syner eit resultat som vil falle frå 2025 som følge av at mange av dei store prosjekta er ferdige og at resultata blir påverka av auka avskrivningar og rentekostnader. Den stramme økonomiske ramma i 2024 vil og kunne ha effekt inn i dei kommande åra.

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om resultat i balanse. Det totale resultatet i ØLP tilfredsstillar dette kravet i heile 10 års perioden, men med lågast mogleg margin.

Investeringar

Utviklinga i det samla investeringsnivået vil med basis i helseføretaka sine økonomiske langtidsplanar vere som følgjer:



Investeringsnivået, som dei siste åra har låge på 5 til 6 mrd. kroner, vil falle ut over i planperioden. Det er særleg ferdigstilling av Nye SUS byggetrinn 1 i 2025 som vil bidra til at investeringsnivået blir lågare frå 2026. Oppgangen i 2028 til 2030 er i hovudsak relatert til Nye SUS og første fase av byggetrinn 2. Helse Bergen har eit relativt jamt nivå på sin investeringsportefølje som består av ei rekke store og mindre prosjekt. Helse Bergen kan i stor grad tilpasse framdrifta på investeringsporteføljen i forhold til tilgjengeleg likviditet. Helse Fonna og Helse Førde vil i dei kommande åra ferdigstille pågåande byggeprosjekt og har ikkje lagt inn nokon nye større nybygg.

Helseføretaka har søkt å tilpasse investeringsplanane i tråd med tilgjengeleg likviditet kor investeringar er skyvd ut i tid der det er mogleg. Under følgjer ei overordna oppsummering av dei største investeringane som er under gjennomføring eller som er planlagd i føretaka. Detaljert oversikt over investeringar i det enkelte helseføretak er vist i vedlegget til denne saka.

Helse Stavanger

Føretaket er no inne i den siste delen av byggetrinn 1 på Nye SUS der byggetrinnet er planlagd ferdig i løpet av 2025.

I førre ØLP vart første fase av byggetrinn 2 for Nye SUS utsett på ubestemt tid. I løpet av hausten 2023 har Helse Stavanger oppdatert konseptrapporten for byggetrinn 2 og i styremøte 10. januar vart konseptrapporten for Nye SUS byggetrinn 2, første fase (SH2-1) behandla av styret i Helse Vest og vedtatt med ei kostnadsramme på 1,7 mrd. kroner (P85). Det er søkt om lån frå staten til gjennomføring av investeringsprosjektet, kor det er føresett at lånet blir tildelt i statsbudsjett 2025. Helse Stavanger har lagt inn oppstart av prosjektet frå 2028, men med noko førebauande aktivitet i 2027. Helse Stavanger må gjer ei sjølvstendig vurdering på utbetalingsprofilen i forhold til investeringsaktiviteten. Sjølv om den største delen av byggetrinn 2, første fase, blir gjennomført frå 2028 legg Helse Vest til grunn i ØLP at Helse Stavanger i tillegg gjennomfører avgrensa førebauande aktivitetar også i åra 2025 til 2027 med utbetaling av 10 mill. kroner kvart av åra. Sjølv om det skulle bli innvilga lån frå staten vil det først bli tatt endeleg stilling til gjennomføring av prosjektet i samband med behandling av forprosjektet.

Ut over dette er investeringane lagt på eit minimumsnivå for å tilpasse seg tilgjengeleg likviditet samtidig som ein og må handtere fortsett drift på Våland med tilhøyrande vedlikehaldsinvesteringar.

Helse Fonna

Føretaket er godt i gang med byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus, som består av 6 etasjar for sengepostar med fleire eingongsrom, isolat og moglegheit for inndeling i kohortar. Kostnadsramma er på om lag 1,2 mrd. kroner (P85) og er planlagd ferdig i 2027. I 2028 er det planlagd for investering i sikkerheitspsykiatri ved Valen sjukehus på 62,5 mill. kroner. Dette prosjektet er føresett finansiert med eit internt lån frå Helse Vest. Prosjektet er på eit veldig tidleg stadium og det er behov for utgreiing av konsept, kostnadskalkyle og finansiering før det er mogleg å ta stilling til gjennomføring av byggeprosjektet.

Ut over dette har Helse Fonna lagt investeringane på eit minimumsnivå for å bygge opp positiv likviditet igjen.

Helse Bergen

Føretaket har ein omfattande investeringsplan/arealplan som består av fleire store og mindre prosjekt som strekker ser over fleire år. Endringar i føresetnader og behov gjer at føretaket jamleg har ein gjennomgang av arealplanen og justerer denne i forhold til tilgjengeleg økonomisk og finansiell ramme.

Bygginga av protonsenderet er godt i gang og er føresett å vere ferdig i løpet av 2026. Investeringa i protonsenderet er fullfinansiert av staten med lån og øyremerka tilskot.

Konseptrapporten til prosjekt Årstadhuset vart behandla og vedtatt av styret i Helse Vest i styremøte den 10. januar med ei kostnadsramme på 820 mill. kroner (P85). Det er søkt om lån frå staten til prosjektet, kor det er føresett at lånet blir tildelt i statsbudsjett 2025.

Nordåsprosjektet er planlagd med ei investeringsramme på vel 270 mill. kroner dei kommande åra og er føresett finansiert med eit internt lån frå Helse Vest med 245 mill. kroner. Helse Vest tar ikkje stilling til internt lån til dette prosjektet no. Det må bli vurdert opp mot finansiell berekraft i Helse Bergen og vurdering av nivå på og prioritering av middel til interne lån framover.

Helikopterbasen er planlagt med ei investeringsramma på 295 mill. kroner og er føresett fullfinansiert med internt lån frå Helse Vest. Helse Vest tar ikkje stilling til internt lån til dette prosjektet no. Det må bli vurdert opp mot finansiell berekraft i Helse Bergen og vurdering av nivå på og prioritering av middel til interne lån framover.

Ut over dette ligg det fleire større og mindre prosjekt inne i investeringsplanen som gjeld både utvikling av Haukelandsområdet samt andre investeringar. Fleire av desse er føresett finansiert med lån frå staten, men det er førebels ikkje gjort ei formell behandling av konseptrapporten til desse. Dette er eit forhold som vil bli vurdert og tatt opp når den økonomiske og finansielle situasjonen er meir avklart framover.

Helse Førde


Føretaket er no inne i slutfasen av å ferdigstille Liva-bygget. Bygget skal imøtekomme framtidens krav til somatiske helsetenester, både i sengepost og poliklinikk. Når dette prosjektet er ferdig vil investeringsnivået bli tatt ned til eit minimum for å tilpasse seg den økonomiske og finansielle ramma. Helse Førde har gjenståande prosjekt som tidlegare har vore inne i deira økonomiske langtidsplan, men som ikkje er med no.

Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har i sin ØLP lagt inn eit årleg investeringsnivå relatert til IKT-porteføljen på om lag 650 mill. kroner dei nærmaste åra. Denne er forventa å falle noko ut over i perioden. Det er og behov for å etablere ein ny datahall i Bergen. Det er i investeringsbudsjettet lagt inn ein investering på 62 mill. kroner i 2025. Denne er føresett finansiert med eit internt lån frå Helse Vest.

Utvikling i gjeld

Den høge investeringsaktiviteten som føretaksgruppa har vore igjennom dei siste åra, gjer at gjeldsnivået har bygd seg opp og vil fortsette å auke dei kommande åra. Dette gjer at rentekostnadene aukar betydeleg og at ein og blir meir utsett for svingingar i rentenivået. Utviklinga i gjeldsnivået som ligg i ØLP er illustrert i grafen under.



Langsiktig lån vil i perioden framover auke opp mot om lag 19,5 mrd. kroner dersom alle investeringsprosjekta som ligg i ØLP blir gjennomført. Ein stor del av låna er i dag byggjelån


og vil bli konvertert til langsiktig lån når prosjekta er ferdige. Frå dette tidspunktet vil og rentene treffe resultatet i staden for å bli tillagt byggjelånet. Dette er årsaka til at rentekostnadene har ein relativt høgare vekst enn forholdet til langsiktig lån dei nærmaste åra.

Økonomisk langtidsplan er utarbeidd i 2024-kroneverdi. Rentesatsen på lån vil normalt reflektere ein prisvekstkomponent. Då talgrunnlaget er uttrykt i fastpris vil ei realrente vere eit meir rett uttrykk for framtidig rentenivået så lenge dei andre føresetnadene ikkje er prisjustert. Erfaringa frå dei siste statsbudsjetta er at deflatoren ikkje kompenserer løns- og prisveksten fullt ut. Helse Vest har derfor i føringane til helseføretaka lagt opp til at ein nyttar nominell rente i den første fem års perioden og deretter eit anslag på realrente dei siste fem åra. Dette er ein tilsvarande føresetnad som Helse Sør-Øst har nytta i sin førre økonomiske langtidsplan.

Utvikling i likviditet og finansieringsevne

Dersom helseføretaka klarer å oppnå dei resultata som er lagt til grunn i sine økonomiske langtidsplanar, vil den samla likviditeten utvikle seg positivt etter 2025 og fram mot slutten av perioden, mellom anna som følgje av at investeringsnivået er fallande.

I grafen nedanfor er utviklinga i likviditeten for føretaksgruppa vist. Det er då lagt til grunn at driftskredittramma i Norges Bank blir trekt opp i sin heilskap.



Staten har tildelt driftskredittramme til dei regionale helseføretaka for å dekke likviditetsbehovet knytt til betaling av pensjonspremie. For Helse Vest er driftskredittramma fastsett til 5,785 mrd. kroner i føretaksmøtet i januar 2024. Helse Vest har fram til no ikkje brukt driftskredittramma og har ved utgangen av 2023 handtert likviditetsbehov relatert til pensjonspremie på om lag 5,2 mrd. kroner av eigen oppspart likviditet. Helse Vest vil no i tråd med gjeldande finansieringsopplegg frå staten overføre driftskredditt frå Norges Bank til konsernkonto for å dekke behovet for likviditet.

Helse Vest vil få tildelt ny driftskredittramme i føretaksmøtet i juni 2024. Dette er ikkje reflektert i tala ovanfor. Endringa i driftskredittramma vil alt anna like ikkje påverke den

samla likviditet då endringa vil vere samanfallande med tilsvarande endring i likviditetsbehov relatert til pensjon.

I tabellen nedanfor er det vist korleis den samla likviditeten i grafen ovanfor er dekomponert på føretaksnivå.

Likviditet - mill. kroner	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Helse Stavanger	569	1	93	-78	-350	-644	-824	-856	-850	-800	-707
Helse Fonna	0	-23	-22	-64	15	94	207	331	464	608	761
Helse Bergen	-1 790	-1 753	-1 440	-1 108	-734	-464	-256	50	397	871	1 313
Helse Førde	-510	-578	-587	-557	-528	-501	-463	-424	-381	-334	-286
Helse Vest IKT	95	87	36	4	-4	-13	3	-1	-5	-9	-8
Sjukehusapoteka Vest	117	108	130	151	131	60	82	103	125	146	168
Helse Vest RHF	1 207	1 261	1 250	1 469	1 741	2 132	2 543	2 984	3 426	3 856	4 286
Driftskredittramme NB	5 785	5 785	5 785	5 785	5 785	5 785	5 785	5 785	5 785	5 785	5 785
Sum likviditet inkl. driftskreditt i NB	5 473	4 888	5 245	5 602	6 057	6 449	7 077	7 972	8 960	10 121	11 311

Driftskredittramme i Norges Bank vil bli utbetalt til Helse Vest RHF sin konto i konsernkontostrukturen. Helseføretaka har fått tildelt ei intern trekkramme innanfor konsernkontostrukturen, som inneber at dei kvar for seg kan ha ein negativ banksaldo avgrensa opp mot tildelt trekkramme. Driftskredittramme som er utbetalt frå Norges Bank vil såleis auke likviditetsbeholdninga i RHF-et, men kan ikkje nyttast fullt ut då den skal kunne dekke inn negativ banksaldo i helseføretaka. Av den samla driftskredittramme på 5,785 mrd. kroner er 5,630 mrd. kroner fordelt til helseføretaka som intern trekkramme i konsernkontostrukturen. Resterande 0,155 mrd. kroner er ufordelt.

Likviditeten i RHF-et viser kva handlingsrom som ligg i RHF-et isolert utan likviditet som relaterer seg til driftskreditt frå Norges Bank. Denne kan vurderast opp mot tildeling av interne lån og handtering av risiko. Likviditeten i RHF-et vil med eit resultatnivå på om lag 350 mill. kroner saman med handtering av interne lån, ligge på mellom 1,2 og 1,3 mrd. kroner fram til 2026, og deretter auke ut over i perioden. Likviditet utan driftskreditt frå Norges Bank er forventa å auke til rett i overkant av 4 mrd. kroner i 2034. Det er tatt omsyn til dei interne låna som helseføretaka har føresett i sine økonomiske langtidsplanar. Dette er ikkje ei godkjenning av interne lån, men dei er tatt med for å synleggjere om det er handterbart i forhold til tilgjengeleg likviditet.

I ØLP er det lagt inn følgjande føresetnader om interne lån fram til 2028:

Lån internt frå Helse Vest		2024	2025	2026	2027	2028	2029
Beløp i heile tusen kroner							
Godkjent tildeling fra Helse Vest							
Lån 11 Nye SUS sak 01124 konsernbudsjett		-500 000					
Lån 12 SAV sak 01124 konsernbudsjett		-65 000					
Lån 13 HV IKT sak 01124 konsernbudsjett		-95 000					
IKT		-250 000					
Sum godkjent		-910 000	0	0	0	0	0
Ikkje søkt/godkjent fra Helse Vest:							
Helse Fonna - Sikkerhet		0	0	0	0	-62 500	0
Helse Bergen - diverse, egen spesifikasjon		0	-75 000	-300 000	-114 000	-55 000	0
IKT			-200 000	-100 000	-50 000	0	0
Datahall IKT			-62 000				
Sum ikkje søkt/godkjent		0	-337 000	-400 000	-164 000	-117 500	0
Sum lån frå Helse Vest		-910 000	-337 000	-400 000	-164 000	-117 500	0

Eit anna forhold som og er med i vurderinga av risiko og likviditet er utviklinga i resultatet i Helse Vest RHF. Ved rullering av ØLP er det lagt til grunn at resultatkravet på 350 mill. kroner blir vidareført.

RHF-et har dei siste åra hatt eit positivt resultat på om lag 500 mill. kroner. Det er venta at resultatet for 2024 og vil bli på om lag dette nivået. Dersom ein legg til grunn ei vidareføring av same budsjettopplegg i dei kommande åra, kan det ligge ein positiv reserve i RHF-et til å handtere noko av risikoen som ligg i føretaka i forhold til likviditet og finansiering.


Samla vurdering av risiko

Helse Vest har dei siste åra vore gjennom ein fase med særleg høgt investeringsnivå, med store byggeprosjekt i alle helseføretaka. Oppsparte midlar i kombinasjon med opptak av lån til dei store byggeprosjekta har gjort at likviditeten fram til no har vore god.

Dei økonomiske rammene vil no bli pressa av at både avskrivningar og renter aukar som følgje av høgt investeringsnivå og opptak av lån. Dette inneber at helseføretaka må forbetre drifta vesentleg dei kommande åra for å oppnå nødvendig resultat til å handtere kostnadsauken og ytterlegare investeringar.

Føretaksgruppa har allereie i 2024 ein vesentleg auke i avskrivningar og rentekostnader samanlikna mot 2023. For å nå eit resultatkrav i 2024 på 434 mill. kroner er det derfor heilt nødvendig å auke driftsresultatet før avskrivningar (EBITDA) vesentleg samanlikna med nivået frå 2023. Styrkinga av sjukehusøkonomien som ligg i RNB 2024, jf. sak 062/24, vil være eit godt bidrag men vil ikkje nødvendigvis løyse utfordringa fullt ut.

For å synleggjere risikoen knytt til planlagd resultatutvikling, er det i figuren nedanfor illustrert utviklinga i EBITDA (driftsresultat før avskrivningar) som ligg i ØLP. Denne viser kva som er nødvendig utvikling i EBITDA for å dekke avskrivningar, rentekostnader og positivt resultat (resultatet er illustrert med grønt) i dei kommande åra. Det er og lagt inn ein kurve i rødt som viser utvikling i avdrag på lån slik at ein kan sjå dette i samanheng med avskrivningar.



Beløp i heile tusen kroner	Fakt 2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Driftsresultat før avskrivningar (EBITDA)	1 688 771	2 310 575	2 700 260	2 917 475	2 956 507	3 010 592	3 019 996	3 022 891	3 087 340	3 120 859	3 192 257	3 173 867
Avskrivningar	1 479 931	1 690 584	1 881 974	2 288 676	2 348 537	2 403 834	2 411 904	2 418 674	2 479 690	2 461 682	2 476 520	2 440 183
Netto finansposter (- inntekt, + kostnad)	-109 095	185 992	289 371	607 856	579 036	518 948	506 343	249 069	267 405	259 872	263 983	249 367
Resultat	317 935	434 000	528 915	20 943	28 934	87 810	101 749	355 149	340 245	399 306	451 754	484 317

I tillegg er det risiko knytt til kostnadsoverskridingar på den høge investeringsaktiviteten som helseføretaka er midt oppe i no. Det er knytt usikkerheit til i kor stor grad eventuelle kostnadsoverskridingar er reflektert i helseføretaka sine økonomiske langtidsplanar. Samtidig ligg det og inne føresetnad om sal av eigendomar, der den største og mest usikre er sjukehusområdet på Våland i Helse Stavanger. Det er og risiko knytt til utvikling i renter, som vil få stor innverknad på resultatata framover i tid når lån til byggeprosjekt blir konvertert til langsiktig lån.


Spørsmålet er i kor stor grad føretaksgruppa Helse Vest kan handtere desse forholda i dei første åra i planperioden. Helse Bergen og Helse Stavanger vart i samband med behandling av konseptrapportane til Årstadhuset og Nye SUS første fase av byggetrinn 2, bedt om å gjere ei oppdatert vurdering av økonomisk berekraft i samband med rullering av ØLP. Begge føretaka har innarbeidd desse prosjekta i sin rullering av ØLP og vurderer at det er økonomisk berekraft gitt at ein klarer å nå resultatmåla. Styret i Helse Vest må ta endeleg stilling til om prosjekta kvar for seg skal først vidare til gjennomføring i samband med behandling av forprosjekt og når lånefinansieringa frå staten er avklart.

Helse Vest har i tidlegare styresak 129/19 drøfta kva som kan vere eit forsvarleg nedre nivå på likviditet i forhold til å ivareta drifta på ein tilfredsstillande måte. Vurderinga den gang var at likviditeten bør ikkje vere lågare enn 2 mrd. kroner for føretaksgruppa.

For å gjere ein stresstest på likviditetsutviklinga dei nærmaste åra i ØLP er det i grafen nedanfor vist effekten av ulike scenario for risiko målt opp mot talgrunnlaget som ligg i ØLP.

I risiko alternativ 1 er det lagt inn manglande forbetring av driftsresultatet med 100 mill. kroner årleg i forhold til det som ligg i ØLP. I tillegg er det lagt inn 1,5 mrd. kroner i kostnadsoverskridingar knytt til den samla investeringsporteføljen. I tillegg er sal av Våland utsett på ubestemt tid.

I risiko alternativ 2 er det lagt inn manglande forbetring av driftsresultatet med 200 mill. kroner årleg i forhold til det som ligg i ØLP. Elles dei same føresetnadane som i alternativ 1.



Det må her understrekes at forbedring av driftsresultat før avskrivninger (EBITDA) i ØLP er foresatt å auke med vel 600 mill. kroner fra 2024 nivå til 2026 nivå. Dette er i seg selv utfordrende og innebærer en relativt stor risiko i forhold til måloppnåing. Risikoalternativa med 100 og 200 mill. kroner kan derfor synst som eit forsiktig anslag. Det er då tatt med i vurderinga at styrkinga i RNB vil vere med å redusere risikoen som elles ville vore naturleg å ta med gitt dei store resultatforbetringane som er foresatt i ØLP. Ei anna problemstilling ved manglande forbedring av EBITDA er at det samla resultatet i føretaksgruppa kan bli negativt. Resultatnivået i ØLP ligg i åra 2026 og 2027 mellom 20 og 30 mill. kroner for deretter å auke opp mot 100 mill. kroner i 2029. Det er derfor lite som skal til for at resultatet i føretaksgruppa kan bli negativt og som i seg sjølv er lite ønskeleg.

Eit anna forhold som ein og bør ha med i vurderinga er at det samla investeringsnivået frå åra etter 2026 er lagt på eit vesentleg lågare nivå, med unntak av første fase av byggetrinn 2 av Nye SUS. Det blir her vist til figuren som viser utvikling i investeringsnivå. Dette er og årsaka til at likviditeten aukar relativt mykje mot slutten av perioden. Spørsmålet er då om investeringsplanane fange opp det reelle investeringsbehovet som ligg føre mot slutten av perioden. I styremøte 4. oktober 2023 sak 094/23 blei det drøfta om investeringsnivået som låg i førre ØLP var tilstrekkeleg for å møte framtidig behov for produktivitetsvekst og møte framtidens manglande tilgang på personellressursar. Det vart i denne saka vurdert at eit årleg investeringsnivå på om lag 3 mrd. kroner kan vere eit meir rett nivå i forhold til å oppnå produktivitetsvekst og handtere manglande tilgang på personellressursar i framtida.

Gjennomsnittleg investeringsnivå i denne ØLP-en for åra 2026 til 2034 ligg på om lag 2,1 mrd. kroner. Sett i lys av dei vurderingane som blei gjort i sak 094/23 kan dette vere ein indikasjon på at investeringsnivået er for lågt i slutten av perioden.

Samtidig er det viktig at føretaksgruppa har fokus på å stabilisere økonomien og tilpassa drifta etter dei økonomiske rammene. Det viktigaste kan derfor vere å sikre ferdigstilling av dei prosjekta som allereie er i gang og under slutføring. Deretter er det viktig å avklare om det er berekraft til å gjennomføre dei 2 prosjekta i Helse Stavanger og Helse Bergen som vart behandla i styremøte den 10. januar 2024.

Konklusjon

Oppsummert er vurderinga at det er rom for å handtere noko risiko i forhold til likviditeten og finansieringsevna, men at det i stort er avgrensa til dei scenarioa som er skissert ovanfor. Ut over dette er det små marginar og høg risiko med tanke på å oppnå positive resultat i åra 2026 og utover i perioden. Ein må derfor overvake utviklinga og vere varsam med å sette i gang prosjekt som kan utløyse kostnader før ein kjenner og har god oversikt på økonomien framover.

Det viktigaste er at føretaka klarer å oppnå føresetnaden om forbetring i drifta (EBITDA) og såleis det resultatnivået som er lagt til grunn i ØLP. Dette vil sette føretaksgruppa i betre stand til å handtere andre risikoforhold som kostnadsoverskridingar, auka prisstigning og auka rentekostnader. Styrkinga av sjukehusøkonomien som ligg i RNB 2024 vil auke moglegheita for å nå resultatet i 2024 og vere eit godt grunnlag for resultatoppnåinga dei kommande åra. Dette vil likevel ikkje løyse den økonomiske situasjonen fullt ut og det vil derfor vere nødvendig å arbeide vidare med å forbetre drifta for å sikre resultatkrava.

Gjeldsnivået i Helse Vest blir høgt dei kommande åra. Når dei viktigaste store investeringane er gjennomført bør ein vurdere å betale ned gjeld for å skape nytt handlingsrom for investeringar som kjem lengre inn i framtida, redusere rentekostnader og risiko for endringar i rentenivå. Føretaka har lagt til grunn eit lågare investeringsnivå i slutten av planperioden. Mykje tyder på at dette er som ein følgje av manglande økonomisk berekraft i helseføretaka, men det gir likevel ein moglegheit til å vurdere ein kombinasjon av ytterlegare nedbetaling av lån samtidig som nødvendig investeringsnivå blir ivaretatt. Dette er og eit forhold til vurdering i samband med den årlege rulleringa av ØLP.

VEDLEGG

1. Forutsetningar og føringar for ØLP

I samband med rullering av ØLP våren 2024 er det lagt til grunn følgande føresetnader og føringar til helseføretaka:

1.1 Plangrunnlag

Den økonomiske langtidsplanen skal vere realistisk og føretaka skal synleggjere korleis ein skal utvikle og tilpasse tenestene i perioden for å møte framtidige utfordringar innanfor påreknelege økonomiske rammer.

Arbeidet med ØLP må sjåast i samanheng med utviklingsplanen i kvart føretak og den regionale utviklingsplanen. Dei årlege styringsdokumenta til føretaka gir konkrete føringar og rammer. Mange av føringane i styringsdokumenta må sjåast i eit lengre perspektiv. ØLP må og bygge på nasjonale og regionale føringar og eksisterande planar.

Utgangspunktet for føretaka sine langtidsplanar er noverande opptaksområde og funksjonar. Det kan bli endringar i oppgåvefordelinga mellom føretaka i perioden. Dette er likevel forventa å vere mindre endringar og desse må handterast når det er aktuelt.

Utviklinga i behovet for tenester innanfor føretaket sitt opptaksområde må vurderast. Utgreiinga må vere basert på beste kunnskap om korleis befolkningsutvikling, sjukdomsutvikling, utvikling innanfor medisinsk teknologi og forventningane til helsetenestene vil påverke behovet og etterspurnaden etter tenester.

Ut frå beste kunnskap må føretaka vurdere kva type utfordringar utviklinga kan forvente å gi når det gjeld for eksempel kapasitet, pasientlogistikk, prioriteringar, oppgåvefordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta, tilgang og bruk av medisinteknisk utstyr og teknologi.

1.2 Investeringar

Føretaka må styre og prioritere investeringane innanfor den likviditet dei klarer å skape gjennom drifta. Dersom det økonomiske resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.

Eventuelle overskridingar eller prisendringar i byggjeprojekta må handterast innafor det tilgjengelege finansieringsgrunnlaget til det enkelte føretak. Dette inneber at det kan vere aktuelt å ta ned investeringsomfanget eller utsette delar av investeringane.

I ØLP skal føretaka gje ein nærare omtale av dei nye store investeringsprojekta som ikkje formelt er styrebehandla i Helse Vest RHF. Punkter som skal vektleggast er:

- Formål og grunngeving for investeringsprojekta
- Kva slags prioriteringar som ligg til grunn for investeringsprojekta
- Korleis vil dei virke inn på drifta, bemanning, finansiering osv.
- Kva endringar som kjem som følger av investeringa, inkludert driftskonsekvensar

Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar.

ØLP gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta eller tilhøyrande lån.

Føretaka skal evaluere sine sjukehusprosjekt etter at bygga er tekne i bruk jf. krav stilt i føretaksmøte januar 2016, slik at Sykehusbygg HF kan sikre gjenbruk av løysingar og erfaringsoverføring.

1.3 Resultatkrav

Dei økonomiske rammene som ligg i statsbudsjettet for 2024 er krevjande. Det er likevel viktig at føretaka klarer å skape positive resultat for å kunne utvikle verksemda vidare.

Føretaka må gjere vurderingar av utviklinga i resultatkravet opp mot den nødvendige kontantstraumen som skal til for å gjennomføre investeringsplanane i perioden. For å kunne halde fast ved investeringsplanane er det viktig at føretaka legg opp til eit resultatkrav som minimum er tilstrekkeleg for å ivareta investeringsnivået.

For å sikre at føretaksgruppa samla kan handtere risikoen knytt til dei store investeringane i nye sjukehusbygg er resultatkravet til Helse Vest RHF sett til 350 mill. kroner i perioden.

Tabellen under viser resultatkravet i gjeldande langtidsplan for perioden 2025-2028.

Resultat pr. foretak	Økonomisk langtidsplan			
	2025	2026	2027	2028
Helse Stavanger	-586 000	-201 000	-177 000	-159 000
Helse Fonna	10 000	25 000	-35 000	0
Helse Bergen	50 000	50 000	50 000	10 000
Helse Førde	-40 000	-35 000	-30 000	-20 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	9 000	9 000	9 000	9 000
Helse Vest RHF	350 000	350 000	350 000	350 000
Sum føretaksgruppa	-206 000	199 000	168 000	191 000

Resultatkravet for 2024 vil bli fastsett i konsernbudsjettsaka som blir behandla av styret i Helse Vest RHF i styremøte 13. februar 2024.

1.4 Lån

Helse Vest RHF kan søke om lån frå Helse- og omsorgsdepartementet til investeringsprosjekt med ein kostnad over 500 mill. kroner. Låneandelen i nye prosjekt kan utgjere inntil 90 % av kostnadsramma. Nedbetaling kan maksimalt svare til avskrivningstida, maksimalt over 35 år. Ein kan velje mellom annuitet eller serielån. Lån frå staten blir formelt tildelt til Helse Vest RHF i statsbudsjettet.

Den økonomiske situasjonen i Helse Vest har blitt vesentleg strammare enn tidlegare og dei økonomiske rammene i statsbudsjettet for 2024 er krevjande. Dette inneber at eit positivt

resultat i Helse Vest RHF i større grad må sjåast opp mot handtering av risiko i føretaksgruppa. Dette inneber at Helse Vest RHF i ein periode må vere meir restriktive i forhold til å gi interne lån. Dette er eit forhold som føretaka må ta omsyn til i sine langtidsplanar.

1.5 Økonomisk berekraft

Føretaka må ta høgde for at verksemda må omstillast for å handtere venta utvikling i aktivitet og sjukdomsbilete. Omstilling er nødvendig for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene og for å sikre tilstrekkeleg berekraft til å finansiere investeringane.

I arbeidet med ØLP må føretaka synleggjere:

- Korleis kostnader til drift og investeringar vil bli handterte innanfor økonomisk ramme.
- Konsekvensane av omstillingstiltak og generell effektivisering.
- Korleis føretaket skal hente ut gevinstar når investeringar blir tatt i bruk.
- Korleis føretaket har involvert og forankra arbeidet i eigen organisasjon.

1.6 Økonomiske føresetnader

1.6.1 Fast kroneverdi

Alle tal i ØLP skal vere i 2024 kroneverdi og utan justeringar for pris og lønsvekst i perioden. Alle endringar i tala skal basere seg på reelle endringar og ikkje prisendringar.

1.6.2 Renteføresetnad

Helse Vest RHF gjer ei samla vurdering av rentebindinga på den samla låneporteføljen og dette vil kunne påverke det gjennomsnittlege rentenivået.

I utarbeidinga av den nominelle renteprognosen er det nytta eit vekta gjennomsnitt mellom fastrenteavtalar, lån på flytande rente inklusive byggjelån under opptrekk og lån som har renteføresetnadar i tråd med NIBOR1M.

ØLP er utarbeidd i fast kroneverdi og såleis kan realrente (nominell rente justert for prisstigning) gi ein betre indikasjon på rentekostnaden. Som ein ny føresetnad i ØLP blir det for siste del av planperioden (2030-2034) lagt opp til bruk av realrente i staden for nominell rente.

Helse Vest RHF ber om at føretaka legg til grunn renteprognosen i tabellen under:

Rentebane	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Rente	3,70 %	3,50 %	3,30 %	3,00 %	3,00 %	1,50 %	1,50 %	1,50 %	1,50 %	1,50 %

Denne føresetnaden gjeld både for driftskreditt og investeringslån. Det vil bli gjort ei ny vurdering av renteprognosen ved neste rullering av ØLP.

1.6.3 Vekstføresetnad

I statsbudsjettet for 2024 er det lagt opp til ein samla vekst på 1,8 % samanlikna mot saldert budsjett 2023. Det er venta ein vekst i pasientbehandling som følgje av generell vekst i

folketal og demografiske forhold der ein stadig større del av befolkninga blir eldre. Styret i Helse Vest- RHF behandla i møte den 6. desember 2023 sak 128/23 Revidert framskrivingsmodell for somatiske spesialisthelsetenester. Helse Vest har i samband med rulleringa av ØLP nytta datagrunnlaget frå nasjonal revidert framskrivingsmodell for somatiske helsetenester (2023) og nasjonal revidert framskrivingsmodell for psykisk helsevern og TSB (2022) som grunnlag for å fordele vekst på dei enkelte føretaka. Framskrivinga tek utgangspunkt i utviklinga av alle pasientepisodar i dagbehandling og poliklinikk, og dessutan talet på liggedøgn for pasientar i døgnbehandling i perioden 2021-2035.

Helse Vest RHF har i tidlegare rulleringar av ØLP lagt seg på ein vekst på 0,6 % som er eit konservativt anslag basert på det som er lagt til grunn i dei årlege statsbudsjetta. Føretaka har høg investeringsaktivitet og det er behov for å synleggjere økonomisk berekraft som er tettare opp mot eit påreknleg nivå på økonomisk ramme i forhold til kommande statsbudsjett og forventa aktivitetsnivå som følgje av befolkningsvekst og demografiske forhold.

Etter ei samla vurdering vil Helse Vest RHF legge opp til ein årleg aktivitetsvekst innanfor spesialisthelsetenesta i regionen som ligg på om lag 1 % samla for alle fagområda.

Med basis i framskrivingsmodellen som er omtalt ovanfor og ein årleg vekst i dei økonomiske rammene på 1 % vil veksten fordelt på føretaka bli som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Årleg vekst	1,2 %	0,7 %	1,1 %	0,6 %	1,0 %

Psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal fortsett vere eit prioritert område, særleg tilbod til barn og ungdom.

Det er fleire faktorar som vil kunne påverke den økonomiske ramma til spesialisthelsetenesta dei kommande åra. Det er ikkje gitt at vi får ei økonomisk ramme som er med å understøtter den forventa veksten i pasientbehandlinga fullt ut. Dette er forhold som føretaka må ta høgde for og gjere nødvendige tilpassingar for i dei årlege budsjetta dersom det blir nødvendig.


I utarbeidinga av langtidsplanen kan føretaka sjå endring i ISF-inntekt i samanheng med endring i basisramma. Dette inneber at føretaka kan legge til grunn ein auke i ISF-inntekt og basisramme som samsvarer med veksttala i tabellen over.

Frå og med statsbudsjett 2025 er det lagt opp til å avvikle effektiviseringskuttet kor sjukehusa berre får tildelt 80 % av kostnadsauken relatert til behovet i befolkninga. Dette inneber at det i framtidige statsbudsjett vil bli gitt 100 % dekning for demografi. Føretaka må likevel ta høgde for at det kan vere fleire forhold som gjer at veksten i dei økonomiske rammene blir lågare enn det som er lagt inn som føresetnad ovanfor.


2. Resultat, finansiering og investering på helseføretaksnivå

I kapitla nedanfor er det vist ei oversikt over dei viktigaste nøkkeltala i grafisk framstilling frå helseføretaka sine økonomiske langtidsplanar. I tillegg er det vist ei oversikt på investeringsporteføljen til kvart av helseføretaka. For meir detaljert informasjon blir det vist til det enkelte helseføretak sin ØLP som ligg på heimesida under det aktuelle styremøte for behandling av økonomisk langtidsplan.

2.1 Helse Stavanger




Resultatutviklinga viser at føretaket frå og med 2026 vil få eit negativt resultat, for deretter å bygge seg gradvis opp mot eit balanseresultat. Hovudårsaka til dette er auka avskrivning og finanskostnader som følgje av at byggetrinn 1 av Nye SUS blir ferdigstilt og kostnadene vil treffe resultatet. Kostnadsauken til avskrivningar og rente er likevel vesentleg høgare enn nedgangen i resultatet. Dette inneber at føretaket har føresett at driftsresultatet skal ha ein vesentleg forbetring, som samla sett i 2025 og 2026 vil vere om lag 300 mill. kroner. Deretter vil det vere ei gradvis årleg forbetring i resultatet ut perioden.



I grafen ovanfor er det vist utviklinga i dei totale investeringane saman med utviklinga i likviditet. Etter at byggetrinn 1 av Nye SUS er ferdig i løpet av 2025 vil investeringane falle ned til eit minimumsnivå. I 2028-2030 er det planlagd for første fase av byggetrinn 2 Nye SUS. Deretter vil investeringane vere på eit minimumsnivå igjen.

Likviditeten vil vere fallande fram til slutten av planperioden kor den svakt tar seg opp igjen. Den grønne kurva viser likviditetstilgangen når ein tar med seg tildelt driftskredittramme. Denne viser at føretaket på det lågaste vil ha ein likviditetstilgang på om lag 450 mill. kroner dersom føretaket leverer på planlagd resultat og ikkje får overskridingar på investeringar ut over det som er lagt inn i ØLP.




I grafen ovanfor er utviklinga i gjeld vist, som vil vere på det høgaste i 2025 med 11,1 mrd. kroner. Deretter vil den minke noko i takt med avdrag på lån, for deretter å auke noko i forbindelse med gjennomføring av første fase av byggetrinn 2 Nye SUS i perioden 2028-2030. Deretter vil gjelda minke gradvis i takt med avdrag på lån. Gjeldsgraden vil auke gjennom perioden fram til dei siste åra kor den vil ha ein liten knekk nedover. I oversikta nedanfor er det vist ei detaljering av føretaket sin investeringsplan som ligg til grunn i ØLP

Spesifikasjon av investeringar

Utvidet LTB periode ved store investeringer


Beløp i heile tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Bygg:											
NyeSUS -Ullandhaug , Inkl MTU og bruk	2 299 889	224 567									
NyeSUS OU	44 780			5 000	10 000	10 000	10 000	5 000			
NyeSUS Flytteprosjekt	57 884						32 000				
NyeSUS Aktiverte byggelånsrenter	334 778	343 908	0	0	6 676	20 227	16 904	0	0	0	0
Aktivert FDV kostnader før flytting		129 143									
NyeSUS BT2 - SH2-1					300 000	600 000	583 000				
NyeSUS Mellomfasen Våland (P-85)	36 641	236 641									
Reduksjon i mellomfasen som følge av SH2-1		-40 000									
NyeSUS Flytting Våland		6 000									
Lovpålagt/HMS	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Mindre rehabil.	10 500	7 500	10 000	10 000	15 000	15 000	32 000	57 400	57 400	57 400	57 400
Ombygging for MTU		0	5 000	4 000	2 000	8 000	2 000	2 000	8 000	14 000	10 000
Lyskilder alle bygg		0	0	0	0	0					
Tilfuktsrom		5 000	5 000								
Fasaderehab Sydbygg		15 000	15 000								
Fasaderehab Vestbygg?											
Endringsbølge 3 - nødvendige investeringer på Ullan		20 000	20 000								
Flere parkeringsplasser Nye SUS		10 000									
Bygg - Overført investeringer fra 2023	15 543										
SUM Bygg	2 805 015	962 759	60 000	24 000	338 676	658 227	680 904	69 400	70 400	76 400	72 400
MTU											
MTU - div utstyr	124 000	63 250	44 000	10 500	107 000	28 500	72 500	78 000	44 000	500	15 000
MTU Overførte investeringer fra 2023	136 767										
CT			30 000						45 000		
Gen. Rtg lab				4 500	9 000	10 000					
MR				19 000		19 000				42 000	25 000
PET CT		36 750							40 000		
PET MR											50 000
Spect-CT						20 000					
Strålemaskin		40 000					35 000				40 000
CT-stråle										10 000	
Intervensjon - kardio										48 000	
Intervensjon - radiologi (multimodal)				25 000							
Intervensjon - Radiologi (Biplan)										18 000	
Intervensjon - Kar-kirurgisk interv.										12 000	
Kirurgirobot							20 000				
Overvåkningsanlegg								60 000			
Mobile stueapp (rtg app) (5 stk)									10 000		
Loop-x rtg peroperativ knyttet til nevronavigator + navigasjonsutstyr									11 000		
BioMek, Mikro							22 500				
GeneXpert, Mikro						10 500					
LC-MS-MS, Biokjemi						13 000				19 500	
Biobank (inkludert i MTU overførte investeringer fra 2023)											
MR sandes			18 000								
CT, sandnes						15 000					
MR Hillevåg								12 000			
Mammografi (2 stk)			10 000								
Analysehall, biokj											20 000
Prioritet 17, Nye SUS, uavklart fordeling av kostnad		15 000									
Utstyr på utvidet antall rom, Nye SUS		10 000									
SUM MTU	260 767	165 000	102 000	59 000	116 000	116 000	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
Anna											
Transportmidler	7 400	8 400	8 400	8 400	8 400	8 400	8 400	8 400	8 400	8 400	8 400
Transportmidler - Diverse overført invest	8 657				2 100	2 100				2 100	2 100
IKT - følgekostnader bygg	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Annet - Rullende matriell	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
IKT - følgekostnader KMT	2 000	2 000	2 000	2 000	3 900	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
IKT - følgekostnader overført fra 2023	11 528										
Justering garderobeskap Ullandhaug											
Reserve Bygg/MTU	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000
SUM anna	47 085	27 900	27 900	27 900	31 900	30 000	27 900	27 900	27 900	30 000	30 000
SUM investeringar	3 112 867	1 155 659	189 900	110 900	486 576	804 227	858 804	247 300	248 300	256 400	252 400

2.2 Helse Fonna



Grafen viser at føretaket vil få eit positivt resultat i 2025/2026, eit negativt resultat i 2027, og eit 0,- resultat i 2028/2029.


Både finanskostnader og avskrivningane aukar betydeleg frå 2027. Det kjem som følge av aktivering av byggetrinn 2. Kostnadsauken til avskrivningar og renter inneber at føretaket føreset at drifta må forberast i perioden.



I grafen ovanfor er det vist utviklinga i dei totale investeringane saman med utviklinga i likviditet.

Investeringane er på det høgaste i denne perioden 2024-2026, og vil vera betydeleg lågare frå 2027 og utover. Likviditeten vil vere negativ dei første åra fram til 2028, for deretter å bli positiv i 2028. Likviditetsutviklinga føreset at føretaket oppnår dei forventa årsresultata i planperioden.

Den grønne kurva viser likviditetstilgangen når ein tar med seg tildelt driftskredittramme. Driftskredittramma er på 700 mill. kroner.




Grafen viser utviklinga i langsiktig gjeld, som vil vere på det høgaste i 2026 med 1,9 mrd. kroner, for deretter å minke gradvis i perioden 2027-2034 i takt med avdrag på lån. Byggetrinn 2 er den store milepælen. Gjeldsgraden vil halde seg rett under 1,34-1,36 i perioden 2025-2028, for deretter å reduserast.

I oversikta nedanfor er det vist føretaket sin investeringsplan som ligg til grunn i ØLP:


Spesifikasjon av investeringar

Beløp i heile tusen kr	Utvidet LTB periode ved store investeringar											
	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	
Bygg:												
Byggetrinn 2	292 200	392 000	225 200	74 400								
Sikkerhetspsykiatri	5 000				62 500							
Andre bygg	25 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
SUM Bygg	322 200	427 000	260 200	109 400	97 500	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
MTU	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
SUM MTU	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
Anna	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
SUM anna	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
SUM investeringar	367 200	472 000	305 200	154 400	142 500	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000

2.3 Helse Bergen




Resultatkravet for 2024 er sett på 10 mill. kroner og deretter skal resultatet opp på 50 mill. kroner i åra fram mot 2028 for deretter å ligge flatt på 10 mill. kroner i attverande del av perioden. Føretaket har allereie i 2024 ein høg vekst i avskrivningar og renter som følgje av gjennomførte investeringar. Veksten i avskrivningar og renter vil auke ytterlegare i 2025 som følgje av ferdigstilling av mellom anna Glasblokkene. Dette krev derfor ein vesentleg forbetring av drifta for å kunne dekke inn auka avskrivningar og renter, samtidig som ein klarer å levere på resultatet. Det er i åra 2024 og 2025 som er mest kritisk i forhold til resultatforbetring då eventuell manglande leveranse i desse åra vil ha innverknad for resultatoppnåinga seinare i perioden.



I grafen ovanfor er det vist utviklinga i dei totale investeringane saman med utviklinga i likviditet. Helse Bergen har ein omfattande investeringsplan/arealplan som består av fleire store og mindre investeringsprosjekt som strekker seg over fleire år. Den samla investeringsporteføljen er vist i tabelloversikt nedanfor.

Likviditeten vil vere lågast i 2024 men deretter vil den ta seg opp igjen i resterande del av planperioden gitt at føretaket klarer å levere på resultatkrava. Føretaket har allereie tatt i

bruk intern driftskreditt som følgje av handtering av pensjonspremie. Det blir her vist til omtale av driftskreditt i hovuddokumentet til ØLP. Den grønne kurva viser tilgjengeleg likviditet når ein tar med seg intern driftskredittramme.



I grafen ovanfor er det vist utviklinga i langsiktig gjeld som vil auke gradvis frå 4,5 mrd. kroner i 2023 til nærmare 8 mrd. kroner i 2032. Dette henge saman med eit kontinuerleg og relativt stabilt investeringsnivå i dei kommande åra. Gjeldsgraden vil auke frå 1,32 til 1,62 på det høgaste.

Det er føresett følgjande interne lån frå Helse Vest:

Lån internt frå Helse Vest						
Beløp i heile tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Ikkje søkt/godkjent fra Helse Vest:						
Helikopterbase		70000	178000	51000		
Nordås		5000	122000	63000	55000	
Sum ikkje søkt/godkjent	0	75000	300000	114000	55000	0

Det er vidare føresett følgjande lån frå HOD:


Lån frå HOD	Beløp i heile tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028	2029	Utvidet LTB periode ved store investeringer				
								2030	2031	2032	2033	2034
Godkjent på Statsbudsjett:												
Protonbygget		235000	51000									
Proton tilskudd HOD												
Sum godkjent		235000	51000	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Ikkje søkt/godkjent:												
Poliklinikk SB: Trinn2			0	0	0	63000	72000	90000	105300	0	0	0
SB 4-7 etg. Oppgradering Sengeposter			0	0	34 025	117 000	135 000	135 000	135 000	135 000	135 000	135 000
SB 1 og 2 etg. Patologi ombygg til ny bruk			0	0	0	0	0	99 000	90 000	54 000	0	0
SB 1 etg. Oppgradering SOP, inkl Postoperativ			4 500	29 700	117 000	112 500	94 500	89 100	0	0	0	0
Poliklinikk SB: Trinn1, Fase 2 (OP, Post OP, Med US)			4 500	49 700	54 011	36 900	0	0	0	0	0	0
Apotek / Verkstedsbygg			0	22 200	45 000	67 500	0	0	0	0	0	0
LAB: utvidelse kjemelab			4 500	27 000	22 500	0	0	0	0	0	0	0
Fjellknausen			0	0	0	55 700	90 000	270 000	270 000	124 200	0	0
Nytt bygg Lokket			0	0	0	48 000	45 000	42 300	0	0	0	0
Årstadhuset (KK), ombygging til Psykiatri og Rus			69 100	180 000	180 000	156 477	-100	-100	-100	-100	0	0
Infrastruktur sentralblokken, ventilasjon			0	63 000	58 500	58 500	58 500	58 500	58 500	58 500	58 500	58 500
Sum ikkje søkt/godkjent		0	82 600	371 600	511 036	715 577	494 900	783 800	658 700	371 600	193 500	193 500
Sum lån frå HOD		235 000	133 600	371 600	511 036	715 577	494 900	783 800	658 700	371 600	193 500	193 500

I den samla investeringsplanen som er vist i figuren ovanfor ligg følgjande detaljering av dei enkelte prosjekta:

Spesifikasjon av investeringar


Beløp i heile tusen kroner	Utvidet LTB periode ved store investeringer											
	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	
Bygg:												
Glasblokkene Trinn 2	25 235	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Ambulansehall	0	0	0	0	0	20 000	0	0	0	0	0	0
Poliklinikk SB: Trinn1 og Robotstuer	4 668	20 451	37 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Poliklinikk SB: Trinn1, Fase 2 (OP, Post OP, Med US)	1 685	5 000	53 000	60 012	41 000	0	0	0	0	0	0	0
Poliklinikk SB: Trinn2	500	0	0	10 000	60 000	80 000	100 000	117 000	0	0	0	0
SB 4-7 etg. Oppgradering Sengeposter	2 000	3 000	10 000	22 250	130 000	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
SB 1 og 2 etg. Patologi ombygg til ny bruk	0	0	0	0	5 000	5 000	100 000	100 000	60 000	0	0	0
SB 1 etg. Traume/Kirurgisk overvåkning	3 531	5 000	38 142	34 000	0	0	0	0	0	0	0	0
SB 1 etg. Oppgradering SOP, inkl Postoperativ	3 000	5 000	30 000	130 000	125 000	105 000	99 000	0	0	0	0	0
Konseptutredning SB	17 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Det Hvite hus	0	0	0	26 000	0	0	0	0	0	0	0	0
Biobank (underetasjen Marie Joys)	11 572	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Protonseneter	250 300	329 340	48 300	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Parkhjørnet	99 571	30 509	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Casecart	22 000	20 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Gamle hovedbygg, oppgradering Neuro	0	0	0	0	30 000	0	0	0	0	0	0	0
Sengepost Marie Joys Hus	20 711	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Apotek / Verkstedsbygg	4 819	0	20 000	50 000	75 000	0	0	0	0	0	0	0
Marie Joys Hus, tilpasning IVF	4 173	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
LAB: utvidelse kjemelab	0	5 000	30 000	25 000	0	0	0	0	0	0	0	0
Fjellknausen	106	0	0	10 000	50 000	100 000	300 000	300 000	138 000	0	0	0
Nytt bygg Lokket	3 000	0	0	10 000	40 000	50 000	47 000	0	0	0	0	0
Uteområdet	1 593	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Nordås	3 312	5 400	132 352	69 759	61 000	0	0	0	0	0	0	0
KiH - Poliklinikk og MR	0	0	0	0	0	25 000	25 000	0	0	0	0	0
KiH - oppvåkning / operasjon	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Utvikling Voss / konsept	35 009	0	0	0	0	50 000	110 000	0	0	0	0	0
Konrad Birkhaugshus, ventilasjon	25 000	20 000	5 000	0	0	117	0	0	0	0	0	0
Haukelandsbakken 45, kontorer	0	0	0	0	0	0	80 000	100 000	0	0	0	0
Sandviken - Sikkerhetspsykiatri	0	0	0	0	0	5 000	20 000	25 000	0	0	0	0
Molbakken, kontor til psykisk helsevern	0	0	15 000	16 250	0	0	0	0	0	0	0	0
LS poliklinikk plan 1	2 750	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
PAM 1/2 og uteareal	40 170	17 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
RS rom uten bad	3 750	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sandviken Nytt Mottaksrom	3 750	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Mindre ombygging psykiatri	2 152	2 000	2 000	2 000	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Utvikling Rus	3 213	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Håkonsgaten, ombygging	40 386	63 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Årstadhuset (KK), ombygging til Psykiatri og Rus	14 401	50 000	200 000	200 000	173 863	0	0	0	0	0	0	0
Helikopterbase	16 096	50 000	177 995	51 290	0	0	0	0	0	0	0	0
Mindre ombygging somatikk mm	39 000	20 000	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Universell utforming	1 619	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Palliativ sengepost, kreft poliklinikk	14 913	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Byggelånsrenter, ikke fordelt til prosjekt	72	3 073	16 020	32 498	50 273	38 805	31 743	32 775	33 669	20 632	23 844	
SUM Bygg	721 057	657 773	843 809	778 059	874 136	661 922	1 015 743	837 775	514 669	203 632	206 844	
MTU												
	183 000	190 000	150 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
SUM MTU	183 000	190 000	150 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Anna												
IKT	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Ambulansar, køyreskule for ambulansar	21 556	11 000	11 000	11 000	11 000	11 000	11 000	11 000	11 000	11 000	11 000	11 000
Teknisk anlegg og infrastruktur	47 075	55 000	75 000	65 000	65 000	65 000	65 000	65 000	65 000	65 000	65 000	65 000
Nødstrøm	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Avdelingsvise mindre investeringar	15 000	15 000	15 000	15 000	21 000	21 000	21 000	21 000	21 000	21 000	21 000	21 000
Seksjon for behandlingshjelpemidlar	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Diverse	49 751	35 700	34 700	39 700	44 700	49 700	59 700	24 700	24 700	24 700	24 700	24 700
SUM anna	143 382	126 700	145 700	140 700	151 700	156 700	166 700	131 700	131 700	131 700	131 700	131 700
SUM investeringar	1 047 440	974 473	1 139 509	1 118 759	1 225 836	1 018 622	1 382 443	1 169 475	846 369	535 332	538 544	

2.4 Helse Førde



Grafen viser at føretaket forventar å få eit negativt årsresultat i heile perioden frå 2024-2032.


Både finanskostnader og avskrivningane aukar betydeleg frå 2025. Det kjem som følge av at føretaket tek Liva-bygget i bruk i 2024. Kostnadsauken til avskrivningar og rente inneber at føretaket føreset at drifta må forbetrast i perioden.



I grafen ovanfor er det vist utviklinga i dei totale investeringane saman med utviklinga i likviditet.

Investeringane er på det høgaste i 2024 og vil vera betydeleg lågare frå 2025 og utover. Føretaket vil ha ein krevjande likviditetssituasjon med negativ likviditet i heile perioden, og kor ein vil måtte trekke på driftskreditten på nærmare 600 mill. kroner i snitt. Likviditeten vil vere på sitt svakaste i 2024 og 2025, før ein får ei gradvis forbetring. Likviditetsutviklinga føreset at ein lukkast med omstilling og endring.

Den grønne kurva viser likviditetstilgangen når ein tar med seg tildelt driftskredittramme. Driftskredittramma er på vel 820 mill. kroner.



Grafen viser utviklinga i langsiktig gjeld, som vil vere på det høgaste i 2024 med 1,2 mrd. kroner, for deretter å reduserast gradvis i perioden 2025-2034 i takt med avdrag på lån. Liva-bygget er den store milepælen. Gjeldsgraden vil auke i perioden 2024-2029 til 1,8 for deretter å minke.

I oversikta nedanfor er det vist føretaket sin investeringsplan som ligg til grunn i ØLP:

Spesifikasjon av investeringar

Utvidet LTB periode ved store investeringer

Beløp i heile tusen kr	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Bygg:											
SUM Bygg	242 700	26 700	13 000	13 000	17 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
MTU											
SUM MTU	8 000	25 000	21 000	25 500	26 500	28 500	33 500	33 500	33 500	33 500	33 500
Anna											
SUM anna	2 000	15 000	16 000	16 500	16 500	16 500	16 500	16 500	16 500	16 500	16 500
SUM investeringar	252 700	66 700	50 000	55 000	60 000	65 000	70 000	70 000	70 000	70 000	70 000

2.5 Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har lagt til grunn ei vidareføring av eit resultatkrav på 1 mill. kroner. Avskrivningane vil auke dei kommande åra som følgje av fortsett høgt investeringsnivå. Det er avskrivningane som vil bidra til finansiering av investeringane. I tillegg vil det fortsett vere behov for å omfordele intern likviditet til å gjennomføre investeringar. Dette er praktisk handtert gjennom at RHF-et gir interne lån til Helse vest IKT. I tabellen nedanfor er det vist ein forenkla kontantstrøm og likviditet dei komande 5 åra.

Kontantstrøm:

Beløp i heile tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Årsresultat	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
+ Avskrivning/nedskrivning	404 041	439 463	456 429	502 341	547 125	536 154
= Netto kontantstrøm fra operasjonell aktivitet	405 041	440 463	457 429	503 341	548 125	537 154
- Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel/bygg	-653 828	-710 310	-608 359	-585 350	-556 350	-546 350
= Netto kontantstrøm fra investering	-653 828	-710 310	-608 359	-585 350	-556 350	-546 350
+ Innbetaling ved opptak av internt lån	250 000	262 000	100 000	50 000	0	0
- Avdrag/nedbetaling internt lån	0	0	0	0	0	0
= Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	250 000	262 000	100 000	50 000	0	0
= Endring likviditet ekskl. driftskreditt	1 213	-7 847	-50 930	-32 009	-8 225	-9 196
Likvide midler/driftskreditt 01.01	93 509	94 722	86 875	35 945	3 936	-4 289
Likvide midler/driftskreditt 31.12	94 722	86 875	35 945	3 936	-4 289	-13 485

I tillegg til vidareføring av eit relativt høgt investeringsnivå innanfor IKT, er det og lagt inn investering i datahall i Bergen med 62 mill. kroner. Denne er føresett finansiert med internt lån frå Helse Vest RHF, og inngår i lånesaldoen i 2025 på 262 mill. kroner.

Investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Bygg - tilgjengelig ramme	0	62 000	0	0	0	0
Medisinteknisk utstyr	0	0	0	0	0	0
IKT	653 828	648 310	608 359	585 350	556 350	546 350
Anna	0	0	0	0	0	0
Sum investeringar	653 828	710 310	608 359	585 350	556 350	546 350

2.6 Sjukehusapoteka Vest

Sjukehusapoteka har lagt til grunn ei vidareføring av resultatkravet på 9 mill. kroner. Det er ikkje lagt opp til opptak av nye lån ut over i perioden, og investeringar er føresett finansiert med eigen likviditet.

Kontantstrøm:

Beløp i heile tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Årsresultat	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
+ Avskrivning/nedskrivning	6 347	15 242	17 369	16 245	15 432	14 402
= Netto kontantstrøm fra operasjonell aktivitet	15 347	24 242	26 368	25 244	24 431	23 403
+ Innbetaling ved salg av varige driftsmiddel/bygg	0	0	0	0	0	0
- Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel/bygg	-75 200	-31 000	-2 000	-3 000	-42 000	-92 000
= Netto kontantstrøm fra investering	-75 200	-31 000	-2 000	-3 000	-42 000	-92 000
+ Innbetaling ved opptak av internt lån	20 000	0	0	0	0	0
- Avdrag/nedbetaling av langsiktig lån HOD	0	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
= Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	20 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
= Endring likviditet ekskl. driftskreditt	-39 853	-8 758	22 368	20 244	-19 569	-70 597
Likvide midler/driftskreditt 01.01	156 659	116 806	108 048	130 416	150 661	131 092
Likvide midler/driftskreditt 31.12	116 806	108 048	130 416	150 661	131 092	60 495